



Ørskog Sparebank

- *tid til deg*

Delårsrapport – 1. kvartal 2019

Ørskog Sparebank



Delårsrapport 1. Kvartal 2019.

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 3,176 mill. kr. pr. 31.03.2019. Dette utgjør ein nedgang på 0,964 mill.kr. mot 31.03.2018. Banken sine totale utlån inkludert Eika Boligkreditt syner det siste året ein auke på 7,59 %. Rentenettoen har styrka seg trass sterk konkurranse i bankmarknaden, medan ein har hatt ei nedgang i provisjonsinntektene. Banken har ei målsetjing om utlånsvekst, og har i kvartalet auka lønskostnader grunna auka bemanning for å nå denne veksten. Banken har framleis låge tap og ei stabil kjernedrift. Banken sin balanse er solid med ei kjernekapitaldekning på 19,29 %.

Resultatrekneskapen

Kvartalsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v. Dei same rekneskapsprinsippa som banken nyttar i årsoppgjeret, er brukt ved oppstilling av kvartalsrekneskapen.

I høve IFRS reglane er det gjort ei endring i oppstillingsplanen for rekneskapen i 1. kvartal 2019. Mellom anna betyr dette at renteinntekter frå låneengasjement med tapsavsetning blir ført som ei inntekt på tapslinja i resultatet, ikkje som brutto renteinntekt.

Ørskog Sparebank har pr. 31.03.2019 eit resultat før tap og skatt på 4,334 mill. kr. tilsvarende 0,68 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK). Resultat pr. 31.03.2018 er ikkje samanliknbar grunna endra oppstillingsplan. Etter banken sine justerte kalkulasjonar er renteinntekter i 2019 kr. 0,211 mill lågare enn fjoråret, medan tapskostnadane i 2019 er kr. 0,211 mill lågare enn samanliknbar periode i fjor.

Tilsvarende resultat i 2018 var 5,512 mill. kr. tilsvarende 0,89 % av GFK. Samanliknbar resultat etter skatt og tap vart 3,176 mill.kr. noko som er ein nedgang på 0,964 mill. kr. mot 31.03.2018. Endringa skuldast mellom anna auka lønnskostnader og auka finansieringskostnader på ekstern finansiering. Avkastning frå obligasjonsportefølja er framleis låg.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter er 11,289 mill. kr. mot 10,664 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2018. Dette utgjør 1,76 % av GFK, mot 1,72 % i fjor. Rentenettoen har styrka seg på trass av sterk priskonkurranse mellom bankane spesielt på personkundemarknaden. Noregs Bank satte i slutten av mars opp styringsrenta med 0,25 %poeng, og dei fleste større bankane har følgd etter med rentehevingar. Ørskog Sparebank har den 02. april justert både utlåns- og innskotsrenter, noko som vil få innverknad frå mai. Banken ventar ein positiv effekt frå renteendringa i 2. kvartal.

Provisjonsinntektene er 3,053 mill kr. mot 3,195

mill kr. pr. 31.03.2018. Det er i hovudsak svekka inntekter frå betalingsformidling som forklarar nedgangen. Banken ser ein oppadgåande trend i salet av skadeforsikringar med god porteføljevekst.

Driftskostnader

Driftskostnadene syner ein auke på 1,488 mill. kr. og utgjør 9,759 mill. kr. mot 8,271 mill. kr. i fjor. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,52 % mot 1,34 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verditvikling på verdipapir) utgjør 68,97 % pr. 31.03.2019 mot 69,6 % pr. 31.03.2018. Banken ser ei stabil utvikling i IT kostnadene, og arbeider meir effektiv med hjelp av automatiserte og digitale prosessar.

Ørskog Sparebank har som målsetting å tilby god personleg rådgjeving til både privat- og bedriftsmarknaden. Auka kompetanse og bemanning er eit viktig grep for å oppnå berekraftig vekst og dermed legge til rette for målretta utlånsvekst og auka provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareavtar.

I 2018 har banken gjennomført ei omorganisering med eit nytt leiarnivå i dei ulike avdelingane. I første kvartal 2019 har det vore fleire endringar i arbeidsstokken, der nye personar er rekruttert til banken, medan andre har slutta og/eller gått av med pensjon. Ein stor del av kostnadsauken i kvartalet er knytta til desse tiltaka.

Banken har i kvartalet brukt mykje ressursar på å tilpasse seg den nye anti-kvitvaskingslova. Ein har henta inn oppdatert legitimasjon frå ein stor del av kundeportefølja, og held fram med dette arbeidet i 2. kvartal.

Banken har i kvartalet ferdigstilt ei større oppussing og oppgradering av bankbygget på Sjøholt. Dette har gitt auka eingongskostnader og eit auka avskrivingsgrunnlag.

Styret ventar at dei tiltaka som er gjennomførte vil gi ei positiv utvikling for banken i framtida.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjør 2.620 mill. kr., mot 2.485 mill. kr. på same tidspunkt i fjor.

Utlån

Utlåna i banken sin balanse utgjør 2.270 mrd. kr og er ein auke på 145 mill. kr. sidan i fjor. Banken nyttar dels Eika Boligkreditt til å finansiere nye bustadlån. Inklusive desse låna er samla auke i dei totale låna på 192 mill. kr. Dette utgjør ein auke på 7,59 % samanlikna med fjoråret. Totale utlån er no på 2.721 mill. kr om ein inkluderer bustadlån som er plassert i Eika Boligkreditt.

Konkurransen på personkundemarknaden held seg oppe, særleg rundt refinansiering av bustadlån og på ung-segmentet. Den lokale bustadmarknaden syner ei stabil utvikling, men det har vore låg omsetjing av eigedom særleg i Ørskog kommune.

Styret er nøgd med utlånsveksten, som utviklar seg i høve banken sine budsjett.

Misleghald og tapsutsett portefølje

Dei misleghaldne engasjementa utgjorde 13,428 mill. kr. tilsvarande 0,49 % av brutto utlån. Tilsvarande tal pr. 31.03.2018 var 6,209 mill. kr. tilsvarande 0,24 % av brutto utlån. Aukn skuldast nokre få misleghaldne bustadlån og mindre næringsengasjement som har utvikla seg negativt. Banken er sikra med pant i fast eigedom og ser ikkje noko fare for tap knytt til dei engasjementa som er misleghaldne.

Tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement utgjør 62,694 mill. kr. ved kvartalsskiftet, mot 61,980 mill. kr. pr. 31.03.2018. Banken sine kredittrådgjevarar følgjer tett opp porteføljå med handlingsplanar og overvakar utviklinga.

Innskot

Banken sine innskot har auka med 155 mill. kr. siste 12 mnd., og utgjør no 1.855 mrd. kr. Dette er ein auke på 9,08 %. Innskotsdekninga er på 81,7 % pr. 31.03.2019 mot 80 % pr. 31.03.2018.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjør 33,695 mill. kr. Banken si obligasjonsportefølje utgjør 230,65 mill. kr. Netto verdiendring og vinst på verdipapir er på 0,174 mill. kr pr. 31.03.2019. Dette er 0,131 mill. kr. lågare enn samanliknbare tal i 31.03.2018.

I kvartalet har banken selt mindre aksjepostar og eigenkapitalbevis med vinst. Vidare har banken delteke i eit samla kjøp av aksjar frå OBOS saman med 51 andre bankar i Eika Alliansen. Etter kjøp av 6.104 aksjar eig no banken 0,33% av aksjane i Eika Gruppen AS.

I 2018 skreiv banken opp verdien av aksjar knytta til VIPPS i høve fusjon mellom fleire selskap. I

2019 ligg det ikkje an til at likelydande transaksjonar vil kunne gje like god avkastning som for 2018.

Finansiering

Banken har obligasjonslån på til saman 250 mill. kr. Vidare har banken lån i Kredittforeininga for sparebankar (KfS) på tilsaman 150 mill. kr.

Långjevar	NOK Mill	Innfriing	3M NIBOR +
Obligasjonslån	50	jun.19	0,87 %
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	25	sep.19	1,09 %
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	50	des.19	1,60 %
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	25	feb.20	0,83 %
Obligasjonslån	50	nov.20	1,15 %
Obligasjonslån	50	apr.21	0,95 %
Obligasjonslån	50	okt.21	0,98 %
Obligasjonslån	50	jun.22	1,04 %
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	50	nov.22	0,99 %
SUM	400		1,06 %

Størsteparten av desse har 1-3 års løpetid. Låna har kvartalsvis renteregulering knytt til 3 mnd. Nibor, og ein jamn forfallsstruktur.

Banken har i tillegg ein oppgjerskreditt på 110 mill. kr i DNB som nyleg er fornya. Ved kvartalsskiftet hadde banken trekk på kontoen på ca. 12,7 mill. kr.

Banken har i april 2019 sikra seg 50 mill. kr. i ny finansiering ved å ta opp eit nytt obligasjonslån som vil bli nytta til å innfri obligasjonslånet med forfall i juni.

Eigenkapital og avkastning

Banken sin ansvarlege kapital er 310,8 mill. kr. Kapitaldekninga er på 21,36 % pr. 31.03.2019 mot 21,97 % pr. 31.03.2018. Banken sin reine kjernekapital er på 280,8 mill. kr. noko som gir ei kjernekapitaldekning er ved utgangen av perioden på 19,29 % mot 19,76 % i fjor. Utrekninga er eksklusiv resultat for rekneskapsåret hittil.

Konsolidert rein kjernekapital for eigarføretak i samarbeidande gruppe er utrekna til 17,64 %. Konsolidert ansvarleg kapital for eigarføretak i samarbeidande gruppe er utrekna til 19,93 %.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt er på 4,41 % mot 6,13 % pr. 31.03.2018

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank.

Kredittrisiko

Sum restanse og overtrekk innanfor personkundemarknaden er låge. Styret har gått gjennom misleghaldne engasjement og vurdert dei individuelle og gruppevis nedskrivingane. Banken sine lån til næringslivet utgjør 23,8 % av samla utlån på eigen balanse. Både landbruk, personlege selskap m.m. er inkludert i denne andelen. Størsteparten av låneporteføljå er sikra med pantesikkerheit i fast eigedom. Likevel vil

det vere ein viss risiko knytt til effektane av maknadsmessige svingingar, arbeidsløyse, skilsmisse, konkurs eller dårleg betalingsvilje.

Volumet av misleghaldne engasjement har auka så langt i år, men styret er likevel nøgd med det låge totalvolumet av misleghaldne lån. Styret vurderer kredittrisikoen i banken til å vere klart innanfor dei grenseverdiane ein har sett i dei interne styringsmåla og kredittpolicyen.

Likviditetsrisiko

Banken si utlånsportefølje har ei relativt lang restløpetid, medan innskot frå kundar kan takast ut utan oppseiing. Dette tilhøvet inneber ein likviditetsrisiko. Finansieringsgraden (forholdet mellom innskot og utlån) er på 81,7 % pr. 31.03.2019 mot 80,0 % pr. 31.03.2018.

Styret vurderer likviditetsrisikoen til å vere låg, men følger framleis tiltaka banken har iverksett for å betre innskotsdekning nøye. Nye utlån til personkundemarknaden blir i all hovudsak finansiert ved å nytte bustadkreditselskapet Eika Boligkreditt AS. I tillegg vurderer banken utskrivning av nye obligasjonslån om marknaden blir vurdert som gunstig.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

Styret er nøgd med banken sin utlånsvekst i kvartalet., Den vidare kostnadsutviklinga vil bli nøye fulgt opp. Styret vurderer at banken sin finansielle stilling er god, og gjennom å oppretthalde ei nøktern og kostnadseffektiv drift ventar ein framleis ei positiv utvikling gjennom 2019. Styret ventar at dei samla tapskostnadene i 2019 vil bli nokolunde som i 2018.

Med omorganisering og bemanningsauke ventar styret at dei samla lønnskostnadene vil auke samanlikna med fjoråret. Men med kompetente tilsette som jobbar med rådgjeving og aktiv kundeomsorg ventar ein at auka lønnskostnader er ei investering som vil kaste positiv av seg i tida framover.

Totalt sett ventar banken at resultatet for 2019 vil bli litt svakare enn i 2018 av grunnar nemnd tidlegare i rapporten. Med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengelig lokalbank, ventar styret at banken vil kunne ha ein lønsam og god vekst vidare i 2019.

Ørskog Sparebank 1. Kvartal

RESULTAT

		1. Kvartal	1. Kvartal	Året
Tall i tusen kroner	NOTE	2019	2018	2018
Renteinntekter og liknande inntekter		19.585	17.538	73.353
Rentekostnader og liknande kostnader		8.296	6.873	28.604
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		11.289	10.664	44.748
Utbytte og andre innt. av verdipapirer med var. avkastning		29	-	1.373
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		3.053	3.195	12.785
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		386	460	1.848
Netto verdiendr. og gev./tap på val. og verdipapirer omløp		174	305	7
Andre driftsinntekter		194	141	688
Netto andre driftsinntekter		3.064	3.181	13.005
Personalkostnader		4.942	3.952	15.535
Administrasjonskostnader		3.501	3.385	13.314
Avskrivning m.v. av varige driftsmidler og imm. eignelutar		405	291	1.175
Andre driftskostnader		911	644	2.835
Sum driftskostnader		9.759	8.271	32.859
Resultat før tap		4.594	5.573	24.895
Tap på utlån, garantiar m.v.	1	260	62	1.353
Kurstap anleggsaksjar		-	-	(1.837)
Nedskrivning anleggsaksjar		-	-	-
Resultat av ordinær drift før skatt		4.334	5.512	25.378
Skatt		1.158	1.372	6.073
Resultat av ordinær drift etter skatt		3.176	4.140	19.305

BALANSE – EIGNELUTAR

		1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	NOTE	2019	2018	2018
Kontantar og fordringar på sentralbankar		70.764	54.908	71.160
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		9.787	10.346	9.057
Utlån til og fordringar på kundar	4	2.270.468	2.125.502	2.234.237
Individuelle nedskrivninger på utlån	2, 4	(14.200)	(14.050)	(15.000)
Nedskrivninger på grupper av utlån	2	(3.100)	(2.750)	(3.100)
Sum netto utlån og fordringar på kundar	4	2.253.168	2.108.703	2.216.137
Sert., obl og andre renteberende vp med fast avkast.		230.650	268.239	230.445
Aksjar, andelar og andre vp med variabel avkastning		33.695	24.224	31.743
Utsatt skattefordel		2.261	2.331	2.261
Varige driftsmiddel		14.138	10.825	13.217
Andre eignelutar		153	14	106
Forskjotsbetalingar og ikkje påløpte kostnader		5.578	5.487	4.961
Sum Eignelutar		2.620.195	2.485.077	2.579.086

BALANSE – GJELD OG EIGENKAPITAL

		1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	NOTE	2019	2018	2018
Gjeld til kredittinstitusjonar	6	162.572	185.644	152.982
Innskott frå og gjeld til kundar		1.854.959	1.700.479	1.836.741
Gjeld stifta ved utskrivning av verdipapir	6	250.000	275.000	250.000
Anna gjeld		15.959	6.536	11.781
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptjente inntekter		10.437	8.609	4.489
Avsetningar for påløpne kostnader og forpliktingar		2.773	2.850	2.773
Ansvarleg lånekapital	5, 6	30.000	30.000	30.000
Sum Gjeld		2.326.699	2.209.118	2.288.766
Innskutt eigenkapital		-	-	-
Sparebankens fond	5	290.320	271.820	290.320
Gåvefond	5	-	-	-
Rekneskapsperiodens resultat		3.176	4.140	-
Sum Eigenkapital		293.496	275.960	290.320
Sum Gjeld og Eigenkapital		2.620.195	2.485.077	2.579.086

NØKKELTAL

	1. Kvartal	1. Kvartal	Året
Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	2019	2018	2018
Resultat			
Kostnader i % av inntekter justert for VP	69,0 %	69,6 %	58,3 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	18,0 %	16,9 %	0,6 %
Eigenkapitalavkastning*	4,4 %	6,1 %	6,9 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	20,2 %	19,6 %	20,6 %
Innskotsmargin hittil i år	0,21 %	0,19 %	0,11 %
Utlånsmargin hittil i år	2,06 %	2,08 %	2,15 %
Netto rentemargin hittil i år	1,76 %	1,72 %	1,75 %
Innskott og Utlån			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	23,0 %	23,0 %	23,0 %
Andel lån overført til EBK – kun PM	20,5 %	20,3 %	20,4 %
Innskotsdekning	81,7 %	80,0 %	82,2 %
* EK-avkastning etter berekna skatt – Annualisert			

Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	2019	2018	2018
Soliditet			
Ren kjernekapitaldekning	19,29 %	19,76 %	19,93 %
Kjernekapitaldekning	19,29 %	19,76 %	19,93 %
Kapitaldekning	21,36 %	21,97 %	22,04 %
Leverage ratio	10,46 %	10,70 %	10,70 %
Likviditet			
LCR	160	152	160
NSFR	127	134	134

Finansdepartementet fastsette 25. november 2015 forskrift om endring av CRR/CRD IV-forskrifta med regler om eit krav til likviditetsreserve (LCR). Dette måleparameteret skal sikre at banken har likvide eigendeler under eit stressscenario over 30 dagar. Eksempel på hendingar i ei stressperiode er nedgradering av bankens kredittvurdering, auka uttak av innskot og ingen tilgang til marknadsfinansiering. Bankens resultat overstig offentleg krav med god margin.

NOTE 1 – TAP PÅ UTLÅN

	1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Periodens endring i individuelle nedskrivninger	-800	-	-250
Periodens renter på nedskrevet del av utlån	-212	-	-
Periodens endring i gruppevis nedskrivninger	-	100	450
Perioda si endring i individuelle nedskrivninger på garantier	-	-	1.200
Periodens konstaterte tap som det tidligere er nedskrevet for	1.200	-	-47
Periodens konstaterte tap som det tidligere ikkje er nedskr. for	83	-	-
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-11	-38	-
Periodens tapskostnad	260	62	1.353

NOTE 2 – NEDSKRIVNINGER PÅ UTLÅN OG GARANTIER

Individuelle nedskrivninger på utlån og garantier

	1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Individuell nedskrivning ved begynnelsen av perioden	15.000	14.050	14.050
Økte individuelle nedskrivninger i perioden	-	-	-
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	-	-	1.200
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger frå tidligere perioder	-800	-	-250
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	-	-	-
Individuelle nedskrivninger ved slutten av perioden	14.200	14.050	15.000

Gruppenedskrivninger på utlån

	1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Gruppenedskrivninger ved begynnelsen av perioden	3.100	2.650	2.650
Periodens endring i gruppenedskrivninger	-	100	450
Tilbakeføring av nedskrivninger på grupper av utlån i perioden	-	-	-
Gruppenedskrivninger ved slutten av perioden	3.100	2.750	3.100

NOTE 3 – MISLEGHOLDNE OG TAPSUTSETTE ENGASJEMENT

Misleghaldne engasjement

	1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Brutto midleghaldne utlån	13.728	6.209	8.984
Individuell nedskrivning	-300	-	-
Netto midleghaldne utlån	13.428	6.209	8.984

Andre tapsutsette engasjement

	1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Tapsutsette engasjement (ikkje misleghaldt)	76.594	76.030	77.770
Individuell nedskrivning	-13.900	-14.050	-15.000
Netto tapsutsette engasjement	62.694	61.980	62.770

NOTE 4 – FORDELING UTLÅN KUNDAR

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Landbruk	27.080	21.836	29.185
Industri	26.684	27.084	26.621
Bygg, anlegg	80.016	63.581	76.020
Varehandel	55.764	55.878	56.662
Transport	9.076	7.437	7.442
Eigedomsdrift	273.636	245.059	272.142
Tjenesteytende ellers	49.232	50.847	45.296
Sum næring	521.489	471.722	513.368
Personkunder	1.748.979	1.653.779	1.720.869
Brutto utlån	2.270.468	2.125.502	2.234.237
Inviduell nedskrivning	-14.200	-14.050	-15.000
Gruppenedskrivninger	-3.100	-2.750	-3.100
Netto utlån til kunder	2.253.168	2.108.703	2.216.137
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	450.655	403.628	439.942
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	2.703.823	2.512.331	2.656.079

NOTE 5 – KAPITALDEKNING

Kapitaldekning

	1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Sparebankens fond	290.320	271.820	290.320
Sum egenkapital	290.320	271.820	290.320
Frådrag i ren kjernekapital	-9.530	-3.320	-7.578
Ren kjernekapital	280.790	268.500	282.742
Sum kjernekapital	280.790	268.500	282.742
Ansvarleg lånekapital	30.000	30.000	30.000
Frådrag i tilleggskapital	-	-	-
Sum tilleggskapital	30.000	30.000	30.000
Netto ansvarlig kapital	310.790	298.500	312.742

Eksponeeringskategori (vektet verdi)

Lokal regional myndighet	2.204	4.166	2.601
Institusjoner	9.444	16.775	10.054
Føretak	131.766	138.247	130.724
Pantsikkerhet eigedom	1.003.482	904.982	962.257
Forfalne engasjement	15.836	13.920	14.840
Høyrisikoengasjement	45.380	47.647	45.891
Obligasjoner med fortrinnsrett	18.291	18.077	17.767
Fordring på institusjoner og føretak med kortsiktig rating	257	87	111
Andelar verdipapirfond	-	-	-
Eigenkapitalposisjonar	29.071	27.221	29.071
Øvrige engasjement	92.827	85.310	98.768
CVA tillegg	148	307	166
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	1.348.706	1.256.741	1.312.250
Berekningsgrunnlag for operasjonell risiko	106.592	101.996	106.591
Berekningsgrunnlag	1.455.297	1.358.737	1.418.841

Kapitaldekning i %

Kjernekapitaldekning	21,36 %	21,97 %	22,04 %
Ren kjernekapitaldekning i %	19,29 %	19,76 %	19,93 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	10,46 %	10,46 %	10,70 %

Bufferkrav

Bevaringsbuffer (2,50 %)	36.382	33.968	35.471
Motsyklisk buffer (2,00 %)	29.106	27.175	28.377
Systemrisikobuffer (3,00 %)	43.659	40.762	42.565
Sum bufferkrav til ren kjernekapital	109.147	101.905	106.413
Minimumskrav til ren kjernekapital (4,50 %)	65.488	61.143	63.848
Tilgjengelig ren kjernekapital utover minimumskrav og bufferkrav	106.154	105.452	112.481

Konsolidering av samarbeidende grupper

Fra 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eierandel i samarbeidsgrupper. Banken har en eierandel på 0,33 % i Eika Gruppen AS og på 0,54 % i Eika Boligkreditt AS.

	2019	2018	2018
Ren kjernekapital	287.798	272.523	288.161
Kjernekapital	291.206	275.446	292.040
Ansvarlig kapital	325.237	308.651	325.843
Beregningsgrunnlag	1.631.529	1.491.249	1.584.223
Kapitaldekning i %	19,93 %	20,70 %	20,57 %
Kjernekapitaldekning	17,85 %	18,47 %	18,43 %
Ren kjernekapitaldekning i %	17,64 %	18,27 %	18,19 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	8,88 %	9,22 %	9,13 %

NOTE 6 – GJELD STIFTET VED UTSTEDELSE AV VERDIPAPIRER

	1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Obligasjonar, nominell verdi	250.000	275.000	250.000
Amortisert over-/underkurs	-	-	-
Sum gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	250.000	275.000	250.000
Gjennomsnittlig rente ved periodeslutt	2,74 %	1,91 %	2,27 %
	1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Ordinær ansvarlig lånekapital, nominell verdi	30.000	30.000	30.000
Amortisert over-/underkurs	-	-	-
Sum ansvarlig lånekapital og fondsobligasjonslån	30.000	30.000	30.000
Gjennomsnittlig rente ved periodeslutt	4,07 %	3,67 %	3,93 %
	1. Kvartal	1. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
KFS-lån	149.850	150.000	150.000
Lån frå andre kredittinstitusjonar	12.722	35.644	2.982
Sum lån frå kredittinstitusjonar med avtalt løpetid	162.572	185.644	152.982
Gjennomsnittlig rente ved periodeslutt	3,23 %	1,60 %	3,26 %

NOTE 7 – RESTNEDBETALINGSTID

Restnedbetalingstid på eiendels- og gjeldsposter

EIGNELUTAR

	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.løpetid	Sum
Kont./fordr.sentralbankar	-	-	-	-	-	70.764	70.764
Utl./fordr. til kredittinst.	-	-	-	-	-	9.787	9.787
Utlån til kundar	13.842	54.647	141.583	76.202	1.954.773	12.121	2.253.168
Obligasjonar/sertifik.	5.005	2.000	16.042	207.604	-	-	230.650
Aksjar	-	-	-	-	-	33.695	33.695
Øvrige eignelutar	-	-	-	-	-	22.130	22.130
Sum eignelutar	18.847	56.647	157.625	283.806	1.954.773	148.498	2.620.195

GJELD OG EK

	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.løpetid	Sum
Gjeld til kredittinst.	-	24.850	75.000	50.000	-	12.722	162.572
Innskott frå kundar	-	545.079	6.336	-	-	1.303.544	1.854.959
Obligasjonsgjeld	-	-	50.000	200.000	-	-	250.000
Ansvarleg lån	-	-	-	30.000	-	-	30.000
Øvrig gjeld	-	-	-	-	-	29.168	29.168
Eigenkapital	-	-	-	-	-	293.496	293.496
Sum gjeld og eigenkapital	-	569.929	131.336	280.000	-	1.638.930	2.620.195

NOTE 8 – RENTEENDRINGSTIDSPUNKT

Renteendringstidspunkt for eiendels- og gjeldsposter

EIGNELUTAR

	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.binding	Sum
Kont./fordr.sentralbankar	-	-	-	-	-	70.764	70.764
Utl./fordr. til kredittinst.	-	-	-	-	-	9.787	9.787
Utlån til kundar	-	-	-	-	-	2.253.168	2.253.168
Obligasjonar/sertifik.	70.446	160.204	-	-	-	-	230.650
Aksjar	-	-	-	-	-	33.695	33.695
Øvrige eignelutar	-	-	-	-	-	22.130	22.130
Sum eignelutar	70.446	160.204	-	-	-	2.389.545	2.620.195

GJELD OG EK


	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.binding	Sum
Gjeld til kredittinst.	-	149.850	-	-	-	12.722	162.572
Innskot frå kundar	-	-	-	-	-	1.854.959	1.854.959
Obligasjonsgjeld	100.000	150.000	-	-	-	-	250.000
Ansvarleg lånekapital	30.000	-	-	-	-	-	30.000
Øvrig gjeld	-	-	-	-	-	29.168	29.168
Eigenkapital	-	-	-	-	-	293.496	293.496
Sum gjeld og eigenkapital	130.000	299.850	-	-	-	2.190.346	2.620.195


Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 25.04.2019 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 1. kvartal for Ørskog Sparebank per 31.03.2019. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtyding, er delårsrekneskapen for 1. kvartal 2019 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapstandardar. Opplysningane i rekneskapet gjev eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 31.03.2019.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev delårsrekneskapen for 1. kvartal ein rettvise oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 31.03.2019


Arne Jan Sollied
Styreleiar


Torstein L. Stavseng
Nestleiar


Stig L. Stokke
1. varamedlem


Siw Pek
Repr. for tilsette


Ingunn S. Fladmark
Styremedlem


Eirik Kavli
Banksjef